

Notat

Dato: 06.02.2019
Arkivsak: 2015/1434-735
Saksbehandlar: oleskau

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiari

Fylkesvåpen - melding om vidare prosess og arbeid med alternative framlegg

Bakgrunn

Sak om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune var til handsaming i Fellesnemnda sitt møte 19. desember 2018. Fellesnemnda gjorde då følgjande vedtak:

«Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.
2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.

Gunhild Berge Stang (V) sette på vegner av V, H og Frp fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»

På grunnlag av dette la prosjektleiari fram sak som gjer greie for vidare prosess og arbeid med alternative framlegg i Arbeidsutvalet sitt møte 4. februar 2019:

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=14811&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=747368>

Hovudtrekk

Prosjektleiari viser til saksutgreiinga i lenke ovafor, og peikar på nokre hovudtrekk:

1. Fellesnemnda si bestilling vil verte ført vidare som eit samspel mellom administrasjonen, designbyrået som vann konkurransen, og Arbeidsutvalet.
2. Motivtilfang og grad av monumentalitet vert avklart tidleg i prosessen. Det vert også lagt vekt på å tidleg avklare kor abstrakt eller figurativt motivet bør utformast.
3. St. Sunniva og Onarheimsgildet er meir utfordrande å få til å høve med bestillinga enn Gulatinget, som svarar godt til alle krav. Det er identifisert eit rikt motivtilfang til Gulatinget.
4. Prosjektleiari tek sikte på å legge fram sak om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune til Fellesnemnda sitt møte 23.mai 2019.

Prosjektplan

Dato	Politisk forankring	Prosess	Ansvar
4. februar	Møte FN-AU	Sak med rapportering og plan for vidare arbeid	Prosjektleiari legg fram sak
14. Februar	Møte FN	Sak med rapportering og plan for vidare arbeid	Prosjektleiari legg fram sak
26. mars	Møte FN-AU	Presentasjon av vinnarforslaget med fargealternativ Forslag til aktuelle motiv for fylkesvåpen Vegval i prinsipielle spørsmål <ul style="list-style-type: none"> • monumentalitet • grafisk stil: abstrakt vs realistisk 	Prosjektleiari legg fram sak FN-AU gjer vegval
29. april	Møte FN-AU	Fleire utkast til fylkesvåpen i tråd med grafisk strategi, og siling av motiv FN-AU gjev tilbakemeldingar på dei presenterte forslaga	Prosjektleiari legg fram sak FN-AU gjer vegval
13. mai	Møte FN-AU	PS-sak med forslag til fylkesvåpen	Prosjektleiari
23. mai	Møte FN	FN gjer vedtak om tilråding til nytt fylkesvåpen	Saka frå FN-AU går til FN
4. og 12. juni	Fylkestinga i SFFK og HFK	Vedtak om nytt fylkesvåpen	Saka frå FN går vidare til FT